

Vedtekter for SFO i Skjåk kommune(forskrift)

(Framlegg april 2018)

Viser til Opplæringslova §13-7 og Regelverk for skolefritidsordningen (SFO)

- **Eigarforhold**
 - SFO er eigd av Skjåk kommune og kommunen er ansvarleg for drifta. Rektor Skjåk barne- og ungdomsskule er kommunen sin representant og ansvarleg for SFO ved skulen.
- **Opptaksmyndigheit**
 - Opptaksmyndigheit er delegert til rektor Skjåk barne- og ungdomsskule.
- **Opptakskriterium**
 - Elevar i 1. - 4. klasse og elevar og elevar med særskilte behov for 1. – 7. årstrinn kan få plass i SFO
 - Utgangspunktet er at alle som ynskjer plass i SFO skal få plass.
 - Dersom det er fleire søkarar enn plassar ved SFO, skal ein prioritere dei yngste, dei med særskilte behov og framandspråklege fyrst
- **Opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen**
 - Den som får plass i SFO, har plassen ut 4. klasse med mindre den blir oppsagt skriftleg før den tid.
 - Barn med særskilte behov 5. til 7. klasse, må søke plass i SFO for kvart skuleår.
 - Det er ein månads oppseiingstid for plass i SFO. Oppseiingstida vert rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiing er levert skriftleg.
- **Foreldrebetaling**
 - Kommunestyret vedtek betalingssetar for kvart år, saman med andre kommunale gebyr.
 - Betalingssetane gjeld frå 01.01. kvart år, om ikkje anna vert bestemt.
 - Foreldrebetalinga er for ein måned, halv månadsbetaling i juni og august. For tilbod om SFO etter skuleslutt i juni og før skulestart i august, blir det kravd ekstra foreldrebetaling.
- **Leike- og opphaldsareal**
 - SFO vil disponere eigne lokale på Skjåk barne- og ungdomsskule frå hausten 2018.
 - SFO vil kunne bruke uteområde rundt skulen.
- **Dagleg opphaldstid og årleg opningstid**
 - SFO er open på skuledagar for 1. – 4. klasse frå 0700 - 1630. (Til vanleg frå kl 0700 til skulestart og frå skuleslutt til kl 1630.)

- Er det meir enn 5 påmeldte kan SFO heldast open ut juni månad og frå 1. august.
 - Det skal vere tilbod om å kjøpe enkeltdagar og/eller enkelttimar dersom det er ledig kapasitet på SFO.
 - Det er ikkje tilbod om SFO i feriar (haust, jul, vinter, påske) eller på skulen sine planleggingsdagar
- **Bemanning og leing**
 - Rektor har det overordna pedagogiske, økonomiske og administrative ansvaret, medan ein av fagarbeidarane som er tilset på SFO, har det daglege ansvaret
 - I stillinga til den som har det daglege ansvaret blir det lagt ein halv time pr. veke til for- og etterarbeid
 - Det skal vere minimum to vaksne tilgjengelege
 - Det skal normalt ikkje vere meir enn 12 barn pr vaksen. Barna sin alder, og behov i gruppa, må vurderast i tillegg når det gjeld bemanning.
- **Politiattest**
 - Alle som arbeider i SFO skal ha levert politiattest
- **Innhald i SFO**
 - SFO skal vere basert på barna sine behov for tryggleik og fysisk aktivitet inne og ute, i eit trygt og stimulerande miljø
 - I SFO-tida skal det gjevast tilbod om leksehjelp for 3. og 4. klasse.
 - Kulturskulen kan gje tilbodet om karusell kunst og karusell idrett i SFO-tida
 - Målsettinga er å leggje opp til minst ein utedag i nærmiljøet på SFO pr 14.dag
 - Dei tilsette ved SFO skal før nytt semester byrjar, setje opp ein månads-/halvårsplan der dei set inn ulike aktivitetar for hausten/våren
- **Tieieplikt**
 - For dei som arbeider i SFO, medrekna vikarar og andre som er mellombelse i SFO, gjeld regelen om tieieplikt i Forvaltningslova § 13a – 13f.
- **Klage**
 - Ein kan klage på enkeltvedtak om tildeling av plass etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Klaga skal sendast til den instans som har gjort vedtaket. Endeleg klageinstans er kommunal klagenemnd (formannskapet).

Vedtektene blir vedtekne av hovudutvalet for grunnskulane i Skjåk kommune.